

Radøy kommune

Kultur- og sørvistorget

Toska 01.09.2019

## SØKNAD OM EKSTRAORDINÆR TILSKOTSORDNING 2019

Storhaugstova velforening er eit bygdelag på Toska med det gamle skulehuset som base. Vi driv med ulike arrangement for born, ungdom og alle som bur eller har hytte på Toska.

I dag har vi ein lekeplass for barn under skulealder utanfor skulehuset, men det er ingen aktivitetstilbod for ungdom på øya. For tida er det flest ungdommar på øya og det hadde vært fint å kunne tilby dei ein møteplass med høve for fysisk aktivitet. Dette er spesielt viktig fordi det ikkje er busstilbod her utanom skulebussane og det er for langt til Manger og vegen er farlig som sykkelveg.

Vi søker om tilskot til følgjande prosjekt:

|  |   |
|--|---|
| Nytt nett til sandkassen for å hindre katter i å bruke den | 400kr eksklusiv moms hos Fiskenett                      |
| Bytte sand i sandkassen og under dissestativet             | 4000kr inklusiv moms                                    |
| 2 stykker bord og benker                                   | 1680kr eksklusiv moms per stykk,<br>sum 3360kr eks moms |
| Ballbinge for fotball, basketball og volleyball            | 300.000 eksklusiv moms tilbod frå Sport vest as         |
| Innandørs bordtennisbord                                   | 14.000kr inklusiv moms hos Klubben.no                   |

Vi vil også søke spillemidlar for ballbingen og delta med dugnadsarbeid og egne midlar.

Ta kontakt viss de treng ytterlegare opplysningar.

Vi håper på positivt svar.

Helsing Storhaugstova velforening

Karen Toska

Leiar

Torunn Åsheim

Kasserar